

Sluttrapport for prosjektet Skulen min og Digitalarkivet (2021-2023)

Bakgrunn og forankring

Skulen min-prosjektet fekk utviklingsmidlar frå Arkivverket for første gong i 2015, og har sidan oppstarten hatt som mål å gi eit heilskapleg bilete av skulen si rolle og utvikling over tid, samt opne dører til digitalisert innhald. Den første prosjektperioden gjekk over tre år, frå 2015 til 2018, og denne andre prosjektperioden har, med forseinkingar i prosjektet, gått frå 2021 til 2023.

I dag er ansvaret for skulenmin.no delt mellom dei to fageiningane i seksjon arkiv i Vestland fylkeskommune. Skulen min-prosjektet er på den måten forankra i fagmiljø knytt til offentlege arkiv, gjennom Kommunearkivordninga i Vestland, men også fagområde knytt til digital kulturformidling og den meir heilskaplege synet på arkivformidling gjennom Ikkje-offentlege arkiv.

Ei viktig oppgåve i prosjektet har vore å digitalisere og gjere tilgjengeleg vårt arkivmateriale etter skulane i tidlegare Sogn og Fjordane. Vi hadde før 2020 digitalisert ein del arkiv, men ikkje lukkast med å få på plass ei vising av protokollar i kartet på skulenmin.no. Eit naturleg steg vidare for oss var å forsøke å få etablert denne portalen som eit av økosystema rundt Digitalarkivet. Vi søkte difor om arkivutviklingsmidlar hausten 2020 til å a) digitalisere skulearkiv og publisere dei på Digitalarkivet, b) registrere og indeksere metadata for å gjere materialet søkbart, og c) få på plass ei vising av digitalisert materiale publisert på Digitalarkivet i portalen skulenmin.no.

Framdriftsplan

Prosjektet var planlagt starta opp 01-01-2021 og fullført i desember same år. Vi kom ikkje i gong med prosjektet før året etter, i all hovudsak skuldast dette:

1. Manglande tilbakemelding frå Digitalarkivet på om dei kunne levere det vi måtte ha på plass for å gjennomføre prosjektet vårt. Dette var a) å kunne legge koordinatar og emneord på arkiv som ein publiserer på Digitalarkivet og b) å få laga eit API med skreddarsydd uttrekk av data, basert på emneord og koordinatar. Vi sendte spørsmål om dette første gong 9. september 2020, og kan ikkje sjå at Digitalarkivet har fått på plass alt vi trengte enno. Vi hadde lenge tenkt å vente til vi var sikre på at vi faktisk kunne bli ein del av økosystemet rundt Digitalarkivet, men bestemte oss til slutt for å satse, tilsette prosjektmedarbeidar og fokusere på det vi kunne få gjort i prosjektet.
2. Redusert arbeid i samband med Covid-19. I periodar med mykje heimekontor og usikre arbeidsvilkår var det vanskeleg å starte opp eit prosjekt med ein fersk prosjektmedarbeidar som mellom annan skulle jobbe med dei fysiske arkiva i magasina våre. Vi venta til våren 2022 med å lyse ut stillinga, og fekk på plass prosjektmedarbeidar frå slutten av august.

Ein annan viktig faktor som påverka framdrifta til prosjektet, var at Kommunearchivordninga i Vestland, eit KO, men også ei av to fageiningar ved Fylkesarkivet i Vestland, valde å bruke 500 000kr av oppsparte midlar på dette prosjektet. Vi lyste difor ut eittårig prosjektstilling i staden for 6 månader som vi hadde skissert i søknaden.

I prosjektperioden fekk prosjektmedarbeidaren tilbod om å fylle eit vikariat for ein som var ute i foreldrepermisjon, og tok ein pause frå prosjektet ca 3,5 månader på grunn av dette. Oppdatert framdriftsplan for prosjektet vart dermed slik:

- Start dato: 22.08.2022
- Slutt dato: 04.12.2023

Aktivitatar/milestolpar

Dei opphavlege aktivitetane frå søknaden vart justert noko gjennom prosjektet:

1. Teknisk utvikling av skulenmin.no for å få på plass ei vising av digitalisert materiale publisert på Digitalarkivet i portalen skulenmin.no

Dette punktet har vi ikkje fått på plass enno. Vi håper framleis at Digitalarkivet på sikt vil utvikle dei nødvendige verktøya som gjer at vår løysing, skulemin.no, kan vise digitaliserte protokollar. Enn så lenge må vi lenke til desse gjennom dei kartfesta artiklane frå lokalhistoriewiki.no eller andre kjelder.

2. Digitalisering og indeksering av arkivmateriale

Dette har vi brukt mykje tid på. Målet har vore å få registrert skuleprotokollar med tilstrekkeleg metadata slik at det skal vere enkelt for publikum å finne fram til det dei er på jakt etter heilt på eiga hand. Undervegs i prosjektet har vi vidareutvikla metodikken for korleis vi registrerer metadata med tanke på indekseringsløysinga i Digitalarkivet. Vi har så langt i prosjektet skanna 400 og registrert 444 skuleprotokollar frå 12 ulike kommunar.

3. Publisering på Digitalarkivet og skulenmin.no

Vi har publisert mykje av det digitaliserte materialet vårt på Digitalarkivet, og vi held fram med å digitalisere og publisere fram til mars 2024. I samband med eit slepp av skulearkiv frå Balestrand, Stryn og Jølster, publiserte vi ei nyhendesak om dette på vår eiga heimeside. I tillegg til dette er alt frå tidlegare Gaular kommune publisert, og protokollane frå dei tidlegare kommunane Hafslø og Innvik vert også publisert innan utgangen av 2023.

Som ein effekt av arbeidet med karakterprotokollar og dagbøkene har vi fått registrert og tilgjengeleggjort heile skulearkiv. Vi har også jobba parallelt med å oppdatere informasjon om skulekrinsane på lokalhistoriewiki.no, ei av tenestene skulenmin.no hentar informasjon frå.

4. Ferdigstilling

Prosjektperioden er ferdig i desember 2023, men Fylkeskommunen og Kommunearchivordninga i Vestland har brukt egne midlar til å finansiere prosjektet ut over dette. Vi kjem med andre ord til å halde fram arbeidet med registrering, indeksering, digitalisering og publisering av skulearkiv.

Digitalarkivet

Skulearkiv som er publisert på Digitalarkivet vil kome mange til gode. Meir metadata og gode registreringar gjer at publikum enklare finn det dei er på jakt etter. Gjennom formidlingsløysinga skulenmin.no kan vi gi publikum eit verktøy for ei meir heilskapleg tilnærming til skulehistoria. Her kan ein finne arkiva frå den aktuelle skulen, markert i kart, i lag med anna kjeldemateriale, foto,

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

forteljingar med meir. Det å kople skulehistorisk materiale frå Vestland opp i eit nasjonalt rammeverk vil også kunne bidra til meir samarbeid på tvers av regionane.

Digitaliserte og indekserte skulearkiv vil bidra til både meir effektiv formidling, framfinning og forskning innan historiefaget, for lokale lag og organisasjonar, for arkivinstitusjonane og for private.

Digital portal for skulehistorie

På sida skulenmin.no kan ein finne skulehistorisk materiale frå ulike digitale kjelder i eit dynamisk kart. Skulen min brukar hentar og viser data frå ulike digitale kjelder i eit dynamisk kart. Målet har heile tida vore å bruke eksisterande digitale fellesløysingar, og presentere data frå desse innanfor eit bestemt tematisk område på ein heilskapleg måte. Ein kan mellom anna finne historiske foto og kulturhistoriske artiklar frå Fylkesarkivet, foto og artiklar frå DigitaltMuseum, nyare foto og videomateriale vi har laga sjølve gjennom tenestene Flickr og Vimeo, samt oversiktssider, tabellar og artiklar med både fakta og forteljingar/minner frå LokalhistorieWiki.

Vi bruker ei kartløyising spesielt lagt til rette for mobile skjermar. På denne måten kan folk finne skulehistorisk informasjon knytt til den fysiske staden der dei er, eller ein kan leite seg fram til område ein er interesserte i.

Vi jobbar på ulike måtar med å vidareutvikle tenesta, strukturere og presentere innhald frå ulike kjelder på ein god måte, og utforme metodikk for registrering av metadata knytt til skulearkiv.

Samarbeid

Vi hadde eit ønske om å samarbeide meir prosjektet *Skulen min og Digitalarkivet*, men då dei ikkje fekk prosjektmidlar for å jobbe vidare med dette, stoppa samarbeidet litt opp. Det vi har gjort er å koordinere informasjonen om skulane og skulekrinsane på lokalhistoriewiki.no, slik at ein på sikt på ein relativt enkel måte kan utvide skulenmin.no til å dekke heile Vestland. Dette vil kunne styrke det digitale tilbodet innanfor arkivfeltet, både nasjonalt, regionalt og tematisk. Det skulehistoriske materialet samanstillt som i skulenmin.no er viktig samfunnsdokumentasjon og gir ein praktisk tilgang til dokumentasjonen.

Rekneskap 2022-2023

Vi har brukt meir egne midlar på dette prosjektet enn først tenkt. Dette har gått som løn til prosjektmedarbeidar, men vi har også brukt egne ressursar på prosjektet. Vi har synleggjort eit forsiktig estimat på 15% av ei rådgjevarstilling i rekneskapen, men har nok i realiteten brukt mykje meir enn det i perioden.

Restmidlar i prosjektet ved utgangen av 2023 kjem frå egne prosjektmidlar, og vil overførast og brukast på prosjektmedarbeidar i fram til utgangen av mars 2024.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Kommunearkivordninga i Vestland KO

	Søknadsbudsjett	Revidert budsjett	Utlegg 2022	Utlegg 2023	Rekneskap	Notar
Arkivverket	-kr 310 000	-kr 200 000			-200 000	
Fylkesarkivet i Vestland	-kr 310 000	-kr 200 000			-700 000	1
Digitalisering av arkivmateriale,2 månadsverk						
prosjektmedarbeidar	kr 100 000	kr 100 000	212 606	376 074	588 680	
Indeksering av metadata,6 månadsverk						
prosjektmedarbeidar	kr 300 000	kr 200 000				2
Kontor og administrasjon	kr 10 000	kr 8 000	6 000	16 500	22 500	3
Prosjektleiing og møte, 2 månadsverk, seniorrådgjevar ved Fylkesarkivet	kr 140 000	kr 92 000	34 895	82 500	117 395	4
Teknisk utvikling avskulenmin.no	kr 70 000					5
SUM	kr 0	kr 0			-171 425	6

1) Vi fekk mindre enn vi søkte om frå Arkivverket, og justerte ned prosjektet i tråd med dette. Men i prosjektperioden har vi omdisponert meir egne midlar til prosjektet, og har difor forlenga prosjektperioden tilsvarande.

2) I revidert budsjett justerte vi ned til 2 månadsverk på digitalisering og 4 på indeksering av metadata. I rekneskapet er desse to samla i ein utgiftspost, då vi har hatt prosjektmedarbeidar som har dekkja begge arbeidsområda.

3) Reise, samt Fylkesarkivet sin eigenandel (bruk av kontor og utstyr)

4) Vi justerer ned vår eigeninnsats her noko.

5) Dette vart nedprioritert i prosjektperioden

6) Restmidlar kjem frå egne prosjektmidlar, og vil overførast og brukast på prosjektmedarbeidar i 2024.